



i u-lage

Organ for Finnøy Kristelige Ungdomslag

06/05



O' haust med din glede

Leiar slæsj Andakt

Av: Øystein Bergøy

Aaah hausten! Nå er endeleg siste softis eten, siste myggstikk har nesten slutta å klø og dei irriterande bråkebøttene av nokre trekkfuglar har emigrert for denne gong.

Det er så mange som mislikar hausten. Dei insisterer på å tvihalde febrilsk på det vesle av sommar som er at. Me ser dei sola seg i gåsehuddrakt i den sparsame septembersola eller medan dei klypar plenen i bar overkropp etter den første frostnatta i oktober-november. Er det noko eg synest er patetisk, eller dårleg tidsbruk, så er det nettopp desse sommarabstinensane. Sjølv sagt er det bra å vere glad i sommaren medan den er der, men hausten skal også nytast!

Hausten er kanskje yndlingsårstida mi. Nr. 1 fordi det då er lov til å vera litt for seg sjølv og kjenne etter korleis ein eigentleg har det etter ein fartsfullt sommar, med kanskje lita tid for filosofering og ettertanke. Grunn nr. 2 er at om hausten er kanskje då ein kjem best i kontakt med Gud og hans skaparverk.

Når ein nok ein gong traskar nedover gongane på skulen, som i mitt tilfelle er Strand vgs, eller rundt på arbeidsplassen, byrjar kvardagen igjen. Og etter ein lang og god ferie er det kanskje lett å merke litt motgong med det første. Akkurat då er det godt å ha ein du kan gå til med kva slags problem det skulle vere. Om det så er eit gedigent lekseberg du slit me, kjærleikssorg, at du er rastlaus, at du slit med å finne deg sjølv eller noko anna. Alt dette kan me få ta med oss når me kravlar oss klosset og kanskje litt nølande opp på den allmektige og kjærlege far vår sitt fang. Der på Gud sitt fang kan me, med full oppmerksom frå vår skapar, ta opp alt det me irriterar oss over, er glade for, slit med osv. Tenk på det du! Aleine, berre du og Gud som snakkar om små og store problem som opptek deg. T.d. er sikkert "hår" og "sveis" emne som stadig kjem opp frå

Lars si side, når Kjelli har audiens er det nok meir snakk om at bilen hans heile tida streikar, medan eg ofte har uttrykt mi frustrasjon over manglande markering i den bakre Southampton-firaren. Det er altså ikkje berre store emne som verdsfred, mat til alle og nedkjemping av økonomisk liberalisme som Gud er interessert i. Nei, Han er interessert i berre det å høyre frå deg. At du kjem til Han og legg problema i Hans hender som eit lite barn kjem til far sin, er noko av det som gjer Gud mest glad. Og Han har sagt at dersom me ber, så skal han svare, uansett.

Det er difor hausten er så fin. Ein har tid til ettertanke og samvær med Gud, og det er kanskje den årstida me treng han mest? Uansett er hausten til å nytast. Den skal brukast til ettertanke. Ta deg turar i naturen og ver i lag med Gud i hans skaparverk. Finnøynaturen er fantastisk, og har den roen ein treng for å samla tankane. Ta deg ein tur og sjå korleis Gud taler til deg gjennom ei stor-slått naturoppleving som ein heilt mørk himmel med solstråler som smyg seg ned her og der e.l. Dette er ein måte for Gud å vise deg kor glad han er i deg; han lager eit vidunderleg måleri foran auga dine, og minnar deg om din plass i skaparverket.

Ein annan måte å nyte årets beste årstid på er å finna seg sin eigen haustmusikk og høyre på den medan ein slappar av og gjer nett det ein føler mest for. Min haustmusikk, skotsk-irsk folkemusikk-rock og tysk pønrock på tysk (som eg høyre på no), er kanskje av den særaste sorten vil nok mange sei, men det er midt i blinken for meg. Det får meg i den unike haustkjensla som er heilt uskildreleg deilig (Creedence, Coldplay, the Doors og Kinks er også vakker haustmusikk).

Eg veit ikkje korleis det er med deg, men det eg prøver å seie er at eg trur det er viktig å ta det med ro av og til. Berre slappe av og vere med Gud i hans ska-

parverk, eller å slappe av inne med god haustmusikk. Hausten er lagd for å nytast! Den er vår rekreasjonsgåve frå Gud. Og du, ein ting til. Eg har høyrte rykte om at snart vil Gud fyre opp det mest fantastiske av alle fyrverkeri. Eit fyrverkeri til ære for hausten og for at me skal få noko å glede augo våre med medan me ladar opp batteria våre til neste vår: haustfargane på planter og tre!

Gje slepp på sommaren og omfamn hausten og Gud sitt skaparverk!

Kommande arrangement

- | | |
|---------------|--------------------------|
| 16.09 | Stikk Innom |
| 17.09 | Bondefest |
| 23.09 | Stikk Innom |
| 24.09 | Buss By Bowling |
| 30.09 | Stikk Innom |
| 01.10 | Ungdomsmøte (NLM) |
| 07.10 | Åpen Hall |
| 08.10 | Stikk Innom fest |
| 14.10 | Stikk Innom |
| 15.10 | Lovsongskveld |
| 21.10- | Weekend te |
| 23.10 | Kvinatun! |

God dag

Formannshelsing

Av: Kjell Morten Eggebø

Å overta som formann i eit ungdomslag som har over hundre arrangement i året og i tillegg har eiga avis med tilhøyrande nettside, kan jo høyres ut som ei fælsleg krevjande oppgåve.

Men det er bare på papiret, for eg må seie at det er eit svært berikande verv å ha. Hovudgrunnen til det er at ein har så utruleg mange støttespelarar rundt seg, og viss ein treng hjelp til noko så stiller folk opp med ei gong. For eksempel så tok det Marianne ca 1 time å skaffa miljøpersonar til heile hausten. I tillegg til at folk er behjelpelige, har jo me jo eit eige styre for stikk innom, og avis og nettside er det Henning og Øystein som tek seg av.

Så eg må få rette ein stor takk til alle de som stiller opp for oss og tar i eit tak. Og ikkje minst må eg få takka alle de som

ber for ungdomslaget. Utan dykk hadde det vore vanskeleg, for ikkje å seie umogeleg å drive ungdomslag.

I skrivande stund(05.09) har den nye formannen akkurat skrive ferdig referatet frå det andre styremøtet i det nye ungdomslagsåret. Og eg lyt seie at eg er svært nøgd med styret som eg har fått med meg. Me har ein svært god tone på styremøta, og alle verkar gira på å gjere ein skikkeleg innsats for laget vårt.

Me har allereie hatt nokre arrangement og er nøgd med oppmøtet, spesielt på opningsfesten då ein kunne telje 70 besøkande! Ekstra kjekt var det at mange av 8 klassingane også kom på stikk innom på fredag, og såg ut til å trivas. Hovudmålet vårt no i starten av året er jo å integrere dei nye som har byrja, så me vonaar at me har klart å ta vel imot dei.

Utsiktene framover er også svært lyse,

for me har mange arrangement å sjå fram til i haust. Så alt peikar mot ein innhaldsrik haust med goe arrangement og mange besøkande, og ikkje minst god forkynnelse. Me vil og i haust arrangere ungdomsmøte, slik som me byrja med i fjor. I tillegg så satsar me stort på å få samlingsstundene best mogeleg. Målet er å få til at kvar samlingsstund har ein lovsangsdel og byrjar med ein såkalla Ice Breaker. Is brytaren kan vere ein liten leik, ein sketsj, ein film, eller bare ein vits. Formålet med ein slik start er at då roar folk seg ned og set seg godt til rette før samlingsstunda startar. Og så er det med på å lage god stemning. Når ein i tillegg får til skikkeleg lovsang, og evt dramatisering av bibelvers eller lovsangsdans, så har eg tru på at me kan klare å nå mange fleire.

Til slutt vil eg oppfordre alle om å hugse på ungdomslaget i bønn. For forbønn treng me mest av alt!

Årsmøte

6. august

Av: Marianne Ildstad

Tilbakeblikk på året som har gått.

Kvelden der me i lag såg på kva som nå ligg bak oss av minner frå året som har gått i Ungdomslaget. Om ikkje eit Årsmøte høyres kjekt ut, så vart denne laurdagskvelden, første helga i august, svært så artig. Mykje folk møtte opp og fulgte godt med på det som føregjekk framme i møtesalen, og stemninga var god. Hadde Skeidseiden vore på Lauvsnes denne kvelden hadde han nok sakna ein del formelle aspekt ved Årsmøte, for eit Årsmøte skal i følge lovane til Finnøy Kristelege Ungdomslag vera ganske alvorleg og sakleg. At me gjekk heilt vekk frå dette, vert feil å seia, for sakleg var det, men me la opp til eit litt lausare

program. Arrangementa som hovudstyret hadde stått ansvarlege for vart vist på power point med bileter, kommentarar og filmsnuttar. Latteren bredde seg fort blant publikum for her var det mange "løgne" øyeblikk. Ein kort oppsummering om året generelt vart lagt fram med positive og negative sider, før neste styre tok over scena: Stikk Innom styret, presentert av då verandre leiar Øystein Bergøy. Bergøyen hadde helste bare go ord å komma med så det var ein fornøyelse å høyra på! Takk for godt arbeid leiar! Deretter var det sommar komiteen som skulle i "ilden" – rettare sagt Kjetil Sevheim. Han kunne fortelja det me alle visste: at denne sommaren hadde vore ein suksess! Kjempe bra jobba folkens og takk for mange gode arrangement!

På borda som folk sat rundt stod fristande fat med boller og kanner med kaffi og saft som det nå var på tide å nyta: mat-pause. Ein triveleg pause hadde me og kjekkare vart det då tida var inne for leiken Rappkjefte. Spørsmåla her var henta frå året som har gått, alt i frå kven som var kaktus på Den store ville vesten festen til kor mange mandariner Øystein klarte å stappa i munnen på Riskremfesten, og premiane var twist som flaug i alle retningar. Svært så morosamt var det. Siste akt av programmet var presentasjon av dei nye styra og formannsbyte, før me ønska alle vel heim til alle. Og med dette var me nå i gong med eit nytt år: lykke til alle som sit i styra, spesielt formann Kjell Morten og leiarar for Stikk Innom styret: Arna Eggbø og Håvard M Helle! God bless you all!

Tomatfestivalen

19. august



Kjendisane på tomatfestivalen va bl.a. Rike å



...å Titten Tei.



Henning verve folk t Ildstadjugend.

X-box

20. august

Av: Kjell Morten Eggebø

Teknologien har for alvor gjort sitt inntog på lauvnes bedehus, og sidan ungdomslaget har fått seg så flott framvisar var det på sin plass med eit nytt storskjerm arrangement.

Denne gongen vart det Microsoft sin spelemaskin X-box som vart brukt, medan spelet var Burnout 3 nett som på Pelit kvelden.

I tillegg vart det og, tradisjonen tru, arrangert turnering i Air Hockey parallelt med Burnout turneringa. I alt var det ca 35 stk som deltok, og det vart jevnt i begge øvelsane heilt til målstreken. Til slutt var det Sevrin Eggebø som gjekk av med sigeren i Air Hockey, etter ein knusande siger over Jørn Augestad. I burnout var det sjokkerande nok hissig-

proppen Idunn som gjekk av med sigeren etter walkover i både kvartfinale og semifinale. Finalen endte 10-1 til Idunn over Benjamin Sivertsen. Men når sant skal seiast så kom jo Benjamin rett fra semifinale medan Idunn hadde hatt ein times pause, så Idunn vann nok på at Benny var sliten i tommlane.



Airhockeybord – 30 000 kr. Ansiktsuttrykket t ein spelande Joar – ubetaleligt!

Eg for min del synes det kjekkaste med slike kveldar er at Gud allikevel er midt iblandt oss. Det å ta ein pause midt i turneringane, og samlast om Guds ord synes eg er fantastisk. Det er godt å tenke på at me har ein allmechtig Gud som alltid er med!



La Pisa ha d skeive tårne sitt! Me har Eivind

Åpningsfest

27. august



"Duu? Om atte d e sant atte dåkke jenter har jentelus?"

Av: Jakob Steinnes og Ole Andreas Sivertsen

Så var den store kvelden komen. Ein kveld som mange 8.klassingar hadde gleda seg til: opningsfesten til ungdomslaget!

For etter denne kvelden får også dei nye 8. klassingane lov til å menga seg med ungdommen ute på Lauvsnes.



Lars prøve å smiska seg frå å bli dreden du i

Dørene opna klokka 20:30, og det var mange som hadde funne veien til Lauvsnes denne kvelden. Når festen starta kl 21:00 var det så godt som fullt hus. Så starta underhaldninga som blant anna bestod av filmar, sketsj, lått og løye.

Før maten vert servert hadde Gudveig Spanne ein flott andakt. Så var det klart for mat. På menyen stod taco, med is til dessert. Dette førte til masse grising, men ellers gjekk d grett! Maten va jo fantastiske!! Møje skrøyd t dei så lagte den.

I løpet av kvellen blei d og ein liten presentasjon av styret. Når kvellen va omme va allting godt :)

Og glae 8 klassingar jekk sakte, men sikkert kvar t sitt.



"Manus? Nei det har vi ik..ikke sett"

Weekend til Kvinatun!

Datoen for haust weekend e her: 21. - 23. oktober! Påmeldingå e allerede i gang så bestem deg fort!

I år bryte me med tradisjonen vår som seie at haustweekend e på Suldalsosen, og vende nasen mot sør og tar turen heilt ner te Kvinatun, ein vakker og flott leirplass som me ska få boltra oss på! Her får alle, merk deg alle, sova på rom med do og dusj! Et kjempe pluss! I tillegg te denne luksusen så e der biljard, bordtennis, stor grasbane, fotballbinge, gymsal og basseng som me får låna! Så me ska få d heilt toppers med festlige aktiviteter, leker, goe underholdning, nam nam mat, og best av alt kanon flotte møter med masse lovsong, og ikkje minst korssamling! Talaren for årets weekend e Geir Erik Børresen, ein ungdomsprest som arbeide på Klepp! Ein knagande goe kar! Det bler KANON bra!

Det er kun plass te 50 stk så her gjelde det om å ver første mann te møllå! Påmelding skjer på Ungdomslaget sin mobil: 905 97 150 innen lørdag 15. oktober. NB: bindande påmelding! Pris: 550 for medlem, 600 for andre.

Blåtur

3.-4. september

Av: Simon Madland

Lørdag 3. september stod 14 deltakarar klare for blåtur på kaien på Judaberg. Ein livsglad Tor Øyvind Skeiseid stod for heile opplegget, og me var spente på kvar ferda gjekk. I tillegg til 13 ungdommar frå Finnøy var eg med som gjest, og fekk dermed det ærefulle oppdrag å skriva litt om turen frå ein annan innfallsvinkel.

På Judaberg begynte det med loddtrekning for å fordela forskjellige oppgaver som handling, skriving av handleliste, underhaldningsplanlegging og komponering av blåtorsang. Loddtrekning for å fordele oppgaver, lag og anna som krev fordeling gjekk igjen gjennom heile turen. Som Mr. Skeiseid sa "turen er sjølve målet" og ein stor del av aktivitetane var dermed at vi deltakere utførte nødvendige gjøremål som handling, under-



Prisen for beste beverimitator blei i år delt mjødlå Marie å Simon.

haldning, matlaging, plenklipping og dovask. Av ein eller annan merkelig grunn vaska vi dassen – "toalettet" når vi kom, og ikkje når vi reiste...

P.g.a ei stygg fallulykke forårsaka av nokre guttar og ett par sko, fekk Hanna eit stygt slag i hovudet, og var relativt svimmel og omtåka resten av turen. På Judaberg tippa alle kor me skulle reisa, og mange gode forslag kom inn, bl.a Ombo, Halsnøy, Evje, Haukeligrend og fjellet. Når turen begynte kjørte vi litt



"Tor Øyviind! Kristoffer har fått ein større gut enn meg!"

rundt på Finnøy i forskjellige retningar og nokre rundar i rundkjøringa før vi endte opp på Ladstein, for å ta ferja til Hanasand. Her fekk me ein ny moglegheit til å tippe kor me skulle, og forslaga varierte no frå Evje til Haukeligrend, men var domintert av diverse småøyar rundt Rennesøy og Bru.

Her byrja og dramatikken; bilen til Kjell Morten ville ikkje starte, og måtte skuast om bord av passasjerane hans. Etter mange telefonsamtalar på ferjeturen var bilen fortsatt ikkje i orden, og måtte dermed også skuast av ferja. På Hansand fekk han heldigvis gang på bilen etter mykje ulyd. Turen gjekk vidare til Mortavika for å ta ferja til Arsvågen, og her var den første som tippa rett Marianne, som tippa Tysvær, og oppvekstsstaden til vår store general.

Neste stopp var i Aksdal der det blei meir handling og komponering av fleire vers på blåtorsangen. Kort tid seinare ankom me Tysvær, nærmare bestemt Skeiseid, og her fekk me ei innføring i Tor Øyvinds slekthistorie, tradisjonar i familien og historiar frå oppvektsta hans på denne idylliske staden. Me blei inndelt i to lag, "Team Roger" og "Team Kristoffer", populært kalt "Team 1". Deisse to laga kjempa ein bitter kamp gjennom heile turen, som ikkje blei avgjort før finalen på Finnøy sentralskule, søndag føremiddag.

Så var det ut på tur og vandring i terrenget rundt familiegarden. Her var laga gjennom forskjellige konkurransar som oppstilling, slalom og bading. "Team 1" gjekk ut med ein tidlig ledelse på 2-1 etter oppstilling og slalom, men det skulle snart visa seg kven som var det beste laget. På ein gammal husmannsplass fekk vi det første åndelige påfyllet, då Tor Øyvind dela nokre velvalgte ord frå Salme 8 med oss.

Neste programpost var bading, der det var poeng til det laget med flest uti. Herifrå var det ingen tvil om at "Team Roger" var i ein klasse for seg sjølv. Etter badinga gjekk me opp til huset, innkvarterte oss og vaska dassen.



"Greitt nok at speedo e sexy, men d e hendelse å ta di av å på"

Så var det tid for grilling, og eit kjærkomment måltid med grilling av Kjell Morten, og bordekkning regisert av Terje stod for tur. Utover kvelden var det fleire konkurransar mellom laga, framføring av blåtorsang, kosemat, bibelspillet, kokkeli monke og ei til andaktsstund. Kveldens humoristiske høgdepunkt var kokkelimonke med leiomordardvergar som kledde seg ut som ei dokke for å redde sin ven (omtale av filmen Dokka snakkar).

Ved dagens slutt leda Team Roger 7-4 i lagkonkurransen, og la seg til å sova med god sjølvtilitt.


Neste morgon var det tid for frokost, der morgonfuglen Lars viste seg å ikkje være fullt så morgonglad som han gav uttrykk for. Me pakka og kjørte til Nedstrand, der me tok ferja tilbake til Finnøy. På Finnøy var det avslutning av blåturen på skulen, og det var ein ørliten spenning, i og med at Team Roger hadde latt Team 1 få 2 poeng slik at stillinga var 7-6. Team Roger slo som forventa ned all motstand, og sluttresultatet vart 9-6 etter observasjonstest og stafett i baklengsløping. Me takka for laget og blåturen 2005 var slutt.

Til slutt vil eg trekka fram Tor Øyvinds utrolige kreativitet og organiseringsevner. Turen var planlagt til minste detalj, og spekka med små konkurransar og detaljar. All ære til Mr. Skeiseid for ein utrolig godt planlagd, og gjennomført tur!



– blåturen va gudd den, men den manglande tyngdekraftå på Nedstrand ødela litt

Engasjert



se neste side

Det hende ofte han fekk sjå korta på fotballbanen, både av den gule og raude fargen. Men utanfor banen er Kjell Morten Eggebø ein mann av Fair-Play.

Engasjert

Portrettintervju med Kjell Morten Eggebø

Av: Lars Vangen

-Det er, det er spennande. Det er litt arbeidsamt i begynninga, men eg har jo merka at eg ikkje er åleine, har jo eit styre med meg.

Det er ein tilbakelent men likevel litt nølande og roleg Kjell Morten som fortel meg om korleis det er å vera formann for Ungdomslaget. Han er tydeleg avslappa der han sit i sofaen, blikket hans er festa på tv skjermen som står utpå golvet. Det er fotballkamp på tv. Eg spør han kva tankar han har om ungdomslaget for dette året. Hans konsentrasjon om to ting er tydeleg dårleg. Plutseleg snur han seg mot meg å seiar bestemt at det må vera dei nye, at målet hans er å inkludera dei nye. Augo hans forsvinn raskt tilbake på tv-skjermen. Setningane hans er korte og nølande, men på ein måte så er Kjell Morten bestemt og. Han bruker tid på spørsmåla.

-Kor lenge har du vert med i ungdomslaget?

-Har vert med i sju, kanskje seks år.

Eg spør han om han starta å gå i åttande klasse, han nikker mens han ser ein annan vei. Han gjespar. Det er tydeleg at spørsmåla kjeder han. Som leiar av ungdomslaget er det ingen tvil om at Kjell Morten er ein gut av trua, men har han alltid vore ein kristen..

-Ja, faktisk så har eg det. Men når eg tenkjer meg litt om så blir du på ein måte sikker ein gong, eigentlig så skal jo det vera konfirmasjonen som skal bekrefte trua og dåpen din. **Men for meg så føler eg eigentlig at det var ungdomsalph som gjorde meg heilt sikker på at eg ville via livet mitt til kristendommen.** Det er ingen tvil om at dette engasjerer han. Svara kjem raskare og dei er lengre.

Konsentrasjonen hans er gått frå å vere i ein fotballkamp på tv til å vere fullt til stede her i den mørke kjellarstova. Eg nyttar sjansen til å spørje han om kva han driv med elles. Han fortel kort at han bygger hus, som tømmerlærling. No er han verkeleg bestemt. Eg forstår raskt at Kjell

Morten eigentlig ikkje er ein beskjeden kar, han trengde bare litt tid. No osar det sjølvtillit.

-”Meir du e ute itte?”

Spørsmålet hans bekrefte dette. Eg begynner å forstå han, han treng bare litt tid. Når sjølvtilliten er der, det er då eg følger at eg snakkar med den verkelege Kjell Morten.

For dei som ikkje veit det så har han no forlova seg med Marianne.

-Ja, det stemmer!

-Kva tenkjer du om det?

-Stort og rikt! Det blir stort å gifte seg, men det er jo ei stund til endå.

Han har ein fleipete tone, dette med giftemål bekymrar han ikkje ennå. På mange måtar kan det verke som det ikkje heilt har gått opp for han, men han verkar likevel sikker i si sak. Hans rolege oppførsel i starten har sakte med sikkert har gått over i ein litt freidig og laus tone.

Er han eigentleg ein beskjeden eller ein utadvendt person?

Etter å ha brukt lang tid seier han at han nok eigentleg er beskjeden.

-YESS !!!!

Han fer opp av sofaen, lydvolument på skriket hans var nok til å skemma heile nabolaget. Eg ser raskt bort på skjermen, der viser det i ei lita rute i hjørne at Chelsea har scora.

Fotball er ein stor interesse hjå han, og Chelsea er utvilsamt laget. Og då han var liten var det Kjetil Rekdal som var helten.

-Du er interessert i fotball,

Han avbryt meg midt i setninga for å bekrefte.

-Men mange vil hevda at du er ufin på fotballbanen sjølve?

Han ler hånlig av meg.

-Det er bare oppspinn, det kjenner eg ikkje til.

Han har eit flir om munnen.

-Men har ikkje du fått ein del kort på banen?

-veit ikkje, eg har i alle fall fått to raude, og kanskje fem gule. Eg har ikkje teljinga eigentlig.

Han flirer bredt medan han fortel om dette. Eg kan sjølv hugsa korleis det var å

spele fotball med Kjell Morten, han har ein lett tendens til å engasjera seg noko enormt. Og alle som har spelt mot han er eg sikker på kan bekrefte den intense innsatsen.

-Men de raude korta er jo slike tulle kort, når eg tipsa dommarer om å gå til optikaren for eksempel, ikkje noko å få raudt kort for.

Fliret heng framleis brett rundt munnen hans. Det er nesten som han er litt stolt av det.

Me går over i ein samtale om politikk. I og med at det er eit valår så skal jo Kjell Morten og leggja sin lapp i urna, og fortelje kva parti han ønskjer til makta. Men eigentleg så er det vell meir snakk om kven han ønskjer skal fortsetje å ha makta. Kjell Morten er nemleg i liten tvil om at han skal stemme KRF.

-De står for mykje som eg synes er viktig. De har viktige standpunkt i mange saker som abort, om homofile skal få adoptera og private skular.

Han er heilt klart begeistra for den regjeringa som sit, og han er sjølve veldig nøgd med namnebroren som statsminister.

-Kva ville du gjort dersom du kunne styra Noreg for ein dag?

Han ler av spørsmålet.

-Ikkje stort du kunne fått gjort på ein dag. Nei du, eg er nok ingen politikar, kan ikkje med slikt.

Ja Kjell Morten er ein underleg kar. Han er i grunnen beskjeden men samtidig veldig utadvendt og kanskje litt freidig. Blant venner er han kjent som ein glad og humoristisk gut som stadig slår vitsar om alt mogleg. Det ryktes og om at han kan vera veldig sta, dette seiar han sjølv at bare er tilfellet når han har rett.

Men intervjuet det er ferdig og eg takkar for meg.

Då eg er i ferd med å gå ropar Kjell Morten noko etter meg.

-Dersom eg hadde styrt landet for ein dag, jo då ville eg ha fjerna abortloven.

Han vinker medan han ler. Joda, eg trur me har fått oss ein formann som duger alt i alt.

Kopiert hjå:



BYGGMAKKER Ladstein

Fordi det lønner seg!



NORBOHUS Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!